Førsteblad 1

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 10 Fylke: Rogaland

Tilleggsspørsmålnr. Herad: } Sandeid

Emne: Lyngjing Bygdelag }

Oppskr. av: Jens Børretzen Gard:

(adresse): Sandeid i Ryf. G.nr. Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. Etter eigi røynsle eg er 80 år gamal.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):
Har tala med andre i 60-70 års alder

SVAR

A. Det er berre av få det no vert lyngja og då i år med lite høg. No under siste verdenskrig hende det nok at summe slar lyng inn vårane.
Det har minka mykje med å lyngja i seinste mannsalder (frå 1900 og ut til no) so no har „lyngjing" vorte lite å segja hor i bygdi. Etter det store turkeåret i 1889 vart det lyngja svert mykje. Eg køyrde heim ett tjuge lass lyng inn hausten, sa ein mann på ein „skjenene" gard, då eg kring 1900 spurde han korleis han berga buskapen i det store skjeneåret"
2. Dei som lita på lyngjing tok til frå hausten av (då var han heil mjuke sie) og nytta høvet ut etter heile vinteren inn vert var til det og ikkje snøen var i vegen. "Å lyngja", Er dei på lyngjing. Lyngja dei, er vanlege ord for arbeidet
3. Det hende ein reiv lyng med hendene og trakka heim. Ein bar han 1566

då ŭtyver i tŭnet og let sau og
geit eta av toppane og nytta
„strattanė" til brenne. Det var
så godt til „Kakeved" (å steikje
potetkaker med) Men elles
nytta ein vanleg ljå - stutt-
eller langorv etter som lendet
var til, eller vanleg sigd. Um
våren måtte ein helst brŭka
sigd, då ein laut ta berre
det lyngjen hadde grönaste
toppane. Nokor sŏr lyngljå
eller - sigd har eg ikkje sett.
4. Både Kar og Kvinnor var med
og lynga. Frå ei grannebygd
har eg höyrt fortael at mannen
og Kona var på lynging ein
laurdag. Kona var „dags reestandi"
(höcist fruktsommeleg).
Ho födde barnet sitt under
arbeidet. Mannen tok lyng-
bör med seg heim og Kona
tok barnet „i stakkfaeen"
Soga skal vera sann.
5. Eine Kŭnde slå 3-4 Kvart
år
6. Ein bor eller Köyrde etter
som det höve, men lyng ein
skar um våren vart helst bore
heim. Ein laga böri som ein van-
leg höybör
7. Haustlyng Kŭnde ein legja i
sta som höy. Men då laut han
vera avdekt" (ikkje frosen eller
doggvåt, for då myggla han)

1566
NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Vårlyng vart fora upp etter kvart.
8. Ku, geit og sau gav ein lyng. men det var helst storfeet som fekk han inne.x) Var det ver til det vart sau og geit jagde ut " på lyngen"
9. Fin haustlyng vart halde for jamgod med småhöy heller betre. Vårlyng betre en kalven.
x) Lyng vart gjeven helst som nattfor og utan å vera blanda med mjöl eller anna for.

B. 1. Sau og geit går på lyngen når ikkje snö er i vegen frå haust til vår. Det hende för at ein jaga kyrne ut på lyngen uno våren, men det var helst for å vera nauthjelp. Eg har ikkje höyrt at ein sopa vekk snöen
2. Sau og geit
3. Det er vanleg at sau og geit går på lyngbeite
4. Ein meiner at småfeet held seg trivelegare, når det får gå ute. Og vintrar me mykje innestöa for små kräturo öydo mykje for.
II
Mose har ikkje vore nytta her.


NORSK ETNOLOGISK GRANSKING